

# Årsmøte Sunnfjord Kajakklubb

Førde Pensjonat

7. mars kl 18.00

Antal deltagarar: 15.

## **Sak 1:**

Val av møteleiar: Jomar Bergheim

Val av referent: Sivert Roti

Val av to til å skrive under protokollen: Judit og Toril

Godkjent.

## **Sak 2:**

Årsmelding vert delt ut og lest opp for godkjenning.

Godkjent.

## **Sak 3:**

Godkjenning av rekneskapen. Rekneskapen blir vist på storskjerm medan kasserar går gjennom punkta.

Godkjent.

Innspel om forsikring. Kva dekker dei ulike forsikringane? Det blir foreslått å ta ein gjennomgang med aktivitetsleiarar og dei ulike gruppene, til dømes som eit medlemsmøte.

## **Sak 4:**

- a. Spørsmål om det bør være krav om grunnkurs for å vere medlem i SKK.

Styret har gjort seg meinig på at dette ikkje skal vere eit krav, men at ein blir oppfordra til kursing. Årsmøtet er einig.

- b. Gjennomføring av to medlemsmøter i året.

Det står i vedtektena så forslaget er å etter leve dette slik at medlem kan få bidra meir med sine meininger om kva som skal skje i klubben og liknande. Årsmøtet er einig.

- c. Jobbe meir for å få dei unge med i klubben. Skal ein utvide styret med ein plass for dei unge? Det blir stilt vidare spørsmål til om ein må ha ein representant for kvar gruppe, som til dømes vedlikehaldsgruppa og juniorgruppa. Det vert opning for at juniormedlem får vere med i styremøter og arbeidsmøter for dei ulike gruppene.

- d. Godkjenning av prisar for leige av utstyr. Forslag til prisliste vert vist på storskjerm. Jomar informerer om nytt utleigesystem, Padleboken. Padleboken er oppe og går til våren. Prislista er godkjent av årsmøtet.
- e. Presentasjon av gruppene i klubben. Dette er meir som ei orienteringssak. Jomar les frå årsmeldinga.
- f. Klubbturar 2023. Jomar informerer og viser padleplanen frå heimesida på storskjerm. Kalvåg er arrangement av Florø Padleklubb. Det er innspel om Digernesvatnet er lov å padle på eller ikkje, ettersom det er naturreservat. Dette skal turarrangør undersøke nærmare. Det er vidare spørsmål om kor mykje det budsjettet for padleplanen. Marit informerer om budsjettet og kjem tilbake i post 6. i saklista.
- g. Arrangering av kurs i 2023. Ein ønskjer å arrangere teknikkurs og aktivitetsleiarkurs. Forslag om å legge ut info på facebook-sida og sjekke interessa på dei ulike kursora. Årsmøtet er einig.

**Sak 5:**

Fastsetje medlemskontigent. Styret foreslår uendra kontigent.

Godkjent..

**Sak 6:**

Budsjett 2023. Jomar viser på storskjerm og Marit går gjennom postane. Medlemsarrangement blir nemnt spesielt, ref. sak 4f.

Godkjent.

Under posten om bassengtrening kjem det innspel om tidspunkt. Vaksentidene er noko upraktisk, men styret forklrarar at det har ein historikk med Førdehuset som har nedprioriter SKK. Vidare er det innspel om rullearrangement. Forslag om å høre med Førdehuset om vi kan leige eit par kveldar for rulletrening.

**Sak 7:**

Val av leiar og nestleiar. Jomar Bergheim står på val som leiar og tek attval.

Godkjent.

Lars Petter står ikkje på val i styret, men som nestleiar. Lars Petter tek attval.

Godkjent.

Sivert Roti og Hege Kristiansen står på val. Sigurd Lobben er spurta om å ta plass som styremedlem og han har takka ja.

Godkjent.

Sidan Hege vert bytta med Sigurd bør ein ha inn eit kvinneleg styremedlem for å oppfylle punkta i vedtekten. Det er ingen som krev skriftleg val.

Forslag: Judit tek plassen for Sivert i styret.

Godkjent.

I prosessen vert det foreslått fleire gruppemøter mellom styret, juniorgruppa, elvegruppa og vedlikehaldsgruppa. Årsmøtet er einig.

**Sak 9:**

1. vara: Ingvald Kvåle. Ingvald tek attval.

Godkjent.

2. vara: Irene Hjelm. Irene tek attval.

Godkjent.

**Sak 10:**

Else Daling og Karen Hornes tek attval som revisor.

Godkjent.

**Sak 11:**

Valnemd for neste år: Tone Listau og Øyvind Korsøen.

Godkjent.

---

---